

REGLAR FOR BRUK AV KONSESJONSFOND TIL STYRKING AV NÆRINGSLIVET.

1. Føremål:

Tildeling av lån/stønad frå konsesjonsfondet skal ha som føremål å skaffe auka sysselsetjing i kommunen – enten ved at ny verksemd vert oppstarta eller ved utbygging/ekspansjon av eksisterande verksemder.

2. Lån:

Kommunen kan yte lån med inntil kr. 50.000,- til eit næringstiltak på følgjande vilkår:

- a) 1 års avdragsfridom og deretter tilbakebetaling med like stor halvårleg avdrag over 4 år.
- b) Rentefoten skal fastsetjast tilsvarende 1,7 % p.a. under den til ei kvar tid gjeldande rente på DU-lån.
- c) Det skal som hovudregel krevjast trygd for lånet

3. Renter/avdrag skal først attende til konsesjonsfondet

4. Stønad:

Stønad kan ytast til personar som er i startfasen til etablering av ny næringsverksemd, og den skal vere med å sikre søkjaren ei viss inntekt i tida for verksemda sjølv kan gje tilstrekkeleg inntekt.

5. Stønad kan etter søknad gjevast med inntil kr. 10.000,- til kvar søkjar/.verksemd.
6. Formannskapet har rett til å krevje heile - eller deler av stønaden tilbakebetalt dersom den ikkje vert nytta i samsvar med føresetnadene for tildelinga.

7. Sakshandsaming.

Søknader om lån/stønad skal stilast til UFU som avgjer desse.

8. Utvalet kan setje vilkår for tildeling av lån og/eller stønad.

Vedteke av Hornindal kommunestyre.